

... sem nu hevi ec talt

Første person eintal og fleirtal av det personlege pronomenet i Gulatingslova og i Frostatingslova

Av Jan Ragnar Hagland

Føreliggjande studie er eit oversyn over bruken av det personlege pronomenet i første person eintal og fleirtal i dei to eldste norske lovverka vi har bevart, Gulatingslova (G) og Frostatingslova (F). Eit utgangspunkt for arbeidet med oversynet har vore den tradisjonelle oppfatninga at slik pronomenbruk har sitt opphav i “den muntligt traderade ‘lagsagan’, föredraget på tinget” som Carl Ivar Ståhle har formulert det. Ei gjennomgåing av språket i dei to lovtekstane viser eit langt meir samansett bilete av denne pronomenbruken, og har difor prøvd å klassifisera denne i samsvar med tekstlege brukskategoriar. Når det gjeld bruk av første person eintal, kan ein viss skilnad påvisast dei to lovverka imellom, jamvel om det bevarte handskriftsmaterialet med tekstane er nokså samtidig. Denne skilnaden kan godt oppfatast slik at delar av G står det munnlege nærare enn F, og det kan i sin tur vera med å underbyggja den gjengse oppfatninga at F, slik vi i dag kjenner denne, høyrer til ein annan og yngre fase i utviklinga av norsk lovspråk enn det G gjer. Bruken av det personlege pronomenet i fleirtal er gjennomgåande ikkje så ulik i G og F.

1 Innleiing

Juridisk språkbruk i dei eldste norske landskapslovene har allment sett det vi litt lausleg kan kalla ein upersonleg stil (sjå nedanfor). Det inneber at bruk av personleg pronomen, særleg i første person eintal, stikk seg ut når det ender og då er å finna i det eldste bevarte lovteksttilfanget. Carl Ivar Ståhle (1965, sp. 177) ser slik bruk av pronomen som “spår av sitt ursprung i den muntligt traderade ‘lagsagan’, föredraget på tinget”,

der det er slik at “[d]en föredragande hörs stundom i 1:a pers. sing., *ek, iak* (särskilt i Gtl., men även i t. ex. Grágás, no. Bj. och UL), oftare i plur., *ver, vi(r)*”. Vi skal her sjå litt nærare på *Gulatingslova* [heretter G] og samanhalda med *Frostatingslova* [heretter F] for å freista komma denne pronomenbruken litt nærare inn på livet i dei to eldste samanhengande tekstene vi har overlevert av norsk lov. Med ei jamføring desse to tekstane imellom som føremål kan det undersøkte materialet her avgrensast slik. Materiale frå dei eldste austlandske kristenrettane (jf. Halvorsen og Rindal 2008) skal dermed få liggja i denne samanhengen. Anten vi då med Stähle ser dette draget som eit klårt munnleg innslag eller ei, kan det ha ei viss interesse å sjå korleis det fungerer i tekstene og om det er ulikskap i bruken av det i G og F. Kan det t. d. vera tale om noko slags “munnleg – skriftleg kontinuum” i eventuell skilnad på bruk av personleg pronomen i første person eintal i to tekster som desse? (Jf. t.d. òg Rankovic & al. (eds.) 2010). Og kva med bruk av pronomenet i fleirtal? Fungerer det tekstleg på same måte som i eintal?

2 Om bruk av første person fleirtal

Ettersom Stähle altså synest å setja første person fleirtal på line med bruk av første person eintal i lovtekstene, skal vi i det følgjande først sjå litt nærare på bruken av pronomenet *vér* i dei to lovene vi skal ta for oss.

Det ser i alle fall ut til å vera ein liten skilnad i kva eintal og fleirtal viser til når personleg pronomen i første person er brukt i desse lovtekstene. Bruken av fleirtal i G har i motsetnad til eintal gjennomgåande ein inkluderande eller kollektiv funksjon og refererer til denne i tekstsamanhengen. Bruken av *vér* viser såleis til den rettslege fellesskapen og ikkje nødvendigvis til nokon munnleg “föredragare”. I tillegg til det dømet Stähle gir frå kap. 3 av G, kan følgjande frå kap. 10 i same lova vera med og understreka dét poenget: *Þat er nu því nest at ver skolom kirkiom þeim ollom upp hallða. oc kristnum dome er Olafr hinn helge oc Grimkell biscop sette a monstrar þingi*.¹ [Det er no dinæst at **me** skal halda uppe alle dei kyrkjor og den kristendom som Olav den heilage og Grimkjell biskop fastsette på Mostratinget]. Tilsvarende forhold vil òg gjelda når det t. d. er vist til

1. Alle sitat frå G er tekne frå Eithun, Rindal og Ulset 1994, omsetjingar er frå Roberstad 1969 [1937].

landeign konongs vars. (G kap. 25) m. v. Slik ‘inkluderande’ *ver* er jamvel brukt med eksplisitt referanse til lovteksten som skrift, som når det i eit tillegg til G kap. 314 om landvern heiter slik: *Nu hafum ver landvorn vara skra setta oc vitum eigi hvárt þat er rett æða rangt.* [“No har **me** sett landvernet **vårt** i skrá (lov-uppskrift) og veit ikkje anten det er rett eller rangt”]. I den samanheng er det då i same kapittel vist til ein førskriftleg rettstilstand som ein i tvilstilfelle kan halda seg til: *þa scolom vér þat logmal hava um utgerðir várar er fyr hevur verit. oc atle talde firi monnum i Gula.* [då skal **me** ha det lovmålet um utgjerdene **våre**, som fyrr har vore, og som Atle sa fram for folket i Gula]. Så skal skje med mindre kongen ville tillata noko anna som ein tinglyd kunne semjast om: *nema konongr vár vili oss øðrum iatta. Oc verðim vér a þat satter aller saman* [utan kongen **vår** vil samtykkja i noko anna og **me** alle vert samde um det]. Jamvel om det i den overleverte teksten er vist til ein Atle som “föredragande” på tinget, må bruken av *vér* og *várr* oppfattast som refererande til rettsfellesskapen allment sett.

Om vi jamfører dette med F, ser vi også der døme på slik ‘inkluderande’ bruk av *vér* som gjennomgåande er å finna i G, t. d. slik i første Kristendomsbolk, F II: 1: *Þat er vpphafлага vara at ver skolum kristni lyða oc kristnum dome oc konungi uarum oc biskupi til laga oc til rettra mala at fylgia. at kristnum rette rettom* [Det er grunnlaget for lovene **våre** at **vi** skal retta oss etter kyrkja og kristendommen, kongen **vår** og biskopen med omsyn til lova og til å fylgja rette orskurder i den rette kristendommen.²] Men eit stort fleirtal av første person fleirtal-formene i F finst i innleiinga til sjølve lova, der kongen (Håkon Håkonsson) som lovgjevar har ordet. Ein slik del manglar i G, og i F er 25 av i alt 32 registrerte tilfelle å finna i nett den delen av lovboka,³ t. d. slik i F, Innleiing, kap. 16: *Svá höfum ver þat optiliga heyr. at þó at sumir menn se sannsakadir. vilia eigi til lögmanns fara þó at þeim se löglega stefnt. oc margir vilia eigi lögmanns orskurðum líta síðan er hann hefir lögin sagt. En ver hugðum þó at ver hefðim með því móti lögmennina tilleigða af váro fé oc föðurleifðum. at eptir hins helga Ólafs konungs lagasetning oc lögmanna orskurði skyli hverr sitt mál til lycta leiða. oc*

2. Norrøn tekst er sitert frå NgL II, omsetjingane frå F er alle frå Hagland og Sandnes 1994.

3. Den norrøne teksten til F finst i digitalisert form som det kan søkjast i på ordnivå. Tilsvarande er ikkje tilgjengeleg for G, slik at *sikkert* talmateriale av dette slaget kan ikkje gjevast derifrå i samanlikningar med F. Tendensar skulle likevel vera tydelege nok ved jamføringar i tilfelle der det er aktuelt, jamvel om konkret talmateriale her berre er gjeve for F.

fyrir því leggium ver við þetta þriggja marca sect hverium er eigi vill til lögmanns fara sannsakaðer. oc löglega stefndir oc svá þeim sem eigi vilia lögmanns orskurði líta. [Såleis har **Vi** ofte høyrjt det, at jamvel om somme menn er saksøkte med rette, så vil dei ikkje fara til lagmannen om dei enn er lovleg stemnde. Og mange vil ikkje retta seg etter lagmannens orskurd når han har sagt fram lova. Men **Vi** har likevel trudd at **Vi** såleis hadde gjeve lagmennene av **Vårt** gods og fedrearv at kvar og ein skulle kunna føra si sak til endes etter den heilage kong Olavs lovbod og lagmenns orskurder. Og difor legg **Vi** med dette tre merker i straff på kvar den som ikkje vil fara til lagmannen om han med rette er klaga og lovleg stemnd, og likeins dei som ikkje vil retta seg etter lagmannens dom.]

På same vis som ved bruk av det personlege pronomenet i første person eintal i dramatiserande sitat i direkte tale (sjå nedanfor) finst det i alle fall eitt tilfelle med slik bruk også av fleirtalsforma *vér* i F. I Rettargangsbolken (F X: 3) heiter det då slik: *En efhiún mæla svá. eigi vitum ver hvat hann fór. en þó ferr hann innan Agðanes oc þessu megin fialls eða eiðs.* [Men om husfolket seier som så: "Ikkje veit **vi** kvar han fór, men han er innom Agdenes og på denne sida av fjellet eller Eidet".]

På eitt punkt synest bruk av det personlege pronomenet i første person fleirtal å skilja seg ut i F jamført med G. I bolk VI (sakøyrebolken) heiter det slik i kap. 6: *Maðr er sá einn er ver höfum eigi fundit i söktales á Frostöpings boc. en hann er þó hittr i frændseme. oc er eigi firnare en foðor broðer sammæðra.* [Det er ein mann **vi** ikkje har funne i saktalet åt Frostatingsboka, men han er likevel å finna i slekta og er ikkje lenger unna enn fars sammødra halvbror.] Og vidare heiter det i kap. 9: *Nu seger til þeira manna er ver höfum eigi fundit i sactali hvar þeim er bætr scipat. fyrir því at Frostöpings bók gerer enga grein á því. hvárt þesser menn ero sammædder eða samfedder.* [No skal dei menn nemnast som **vi** ikkje har funne omtala i saktalet med utgreiing om kor mykje bøter som er fastlagde for dei, fordi Frostatings-boka gjer ingen skilnad på om desse er sammødra eller samfedra.] Dette "vi" kan korkje visa til rettsfellesskapen eller sjåast som uttrykk for noka form for iscenesett eller dramatiserande direkte tale. Den "föredragande" som stig inn i teksten i desse tilfella, må oppfattast som ein rettsnormerande instans på eit etter måten seint steg i tekstutviklinga, ved revisjon av lova, ser det ut til. Ein rettshistorikar som A. Taranger har gissa på at det dreiar seg om lagmannen Gunnar Grjónbak først på 1200-talet (jf. Hagland og Sandnes 1994, 222 (note 29)). Om det er lagmannen eller ei, kan ikkje så sikkert avgjerast. Men sidan teksten i

desse tilfella gjeld utbetring eller oppretting av manglar i eksisterande lovtekst, må vi kunna rekna med at det “vi” som stig inn i teksten, her representerer nokon med juridisk mandat til å påpeika og retta opp slikt. Det kan synast rimeleg at dette då er eit resultat av det arbeid som Håkon Håkonsson initierte på 1240-talet, eit arbeid med å samla og supplera landskapslovene som ei førebuing til den landslova som kom i 1270-åra (jf. Hagland og Sandnes 1994, XXX).

Om vi då ser bort frå den nokså frekvente bruken av kongens *vér*, såkalla pluralis majestatis, i innleiingskapitlet til F, og den markerte bruken av *vér* i bolk VI, er det då nokså liten skilnad mellom G og F i bruk av personleg pronomen i første person fleirtal. Innleiinga i F ligg sjangermessig på mange måtar nær diplommet og rettarbota i seinare lovspråkstradisjon, der bruk av lovgjevvars *vér* har ein naturleg plass. Om vi ser det heile med utsiktspunkt i det eldste norske lovspråket, representerer dette fenomenet i F eit tydeleg steg vidare på vegen i det som annanstads har vore kalla ein litterariseringsprosess (jf. Hagland 2012, 73).

3 Om bruk av første person eintal

Bruk av pronomenet *ek* i G ser ut til å falla i to hovudkategoriar. For det første finn vi altså første person eintal, på same måte som første person fleirtal, i det vi kan kalla dramatiserande sitat, eller sitert direkte tale, slik som det følgjande i G 58: *Nu skal hann sva mæla at ec leiði þenna mann til fiar þess er ec gaf hanom. oc til giallz oc til giavar ...* [Han skal mæla so at “**eg** leider denne mannen til det gods som **eg** gjev han, og til gjald (bøter) og til gåve ...”]. Eller kanskje endå tydelegare, til dels utan at sitatet er sett inn i ei at-setning, som t.d. i G 265, der det heiter slik: ... *hann ma sva svara. Du segir mér firi iorðu þeirri er þu átt ecki i. ec a þa iorð at eign oc at oðrle. oc ver ec þa logum oc dome. Ec ma þvi oðro svara. at ec hevi þa iorð sellda. Ec ma þvi hinu þriðia svara. þu fær þa iorð alldrigi. nema þu af dauðum drager.* [Han kann svara so: “Du segjer meg ut frå den jordi som du ikkje eig noko i, **eg** har den jordi til eige og til odel, og **eg** skal verja henne med lov og dom.” **Eg** kann svara det andre at “**eg** har selt den jordi”. **Eg** kann svara det tridje: “Du får aldri den jordi utan du dreg henne frå meg når **eg** er daud.”]

Stundom kan tekst som følgjer etter slik dramatiserande direkte tale, med bruk av pronomen i første person eintal, ta farge av språket i dei

dramatiserende replikkane utan at det *ek* som då dukkar opp, viser til eller representerer noko anna enn det som er tilfelle i sitatet. Vi ser dette i sitatet frå G 265 ovanfor, og følgjande tekstsekvens frå G 267 kan illustrera fenomenet ytterlegare: *En hann a kost annan veg at svara. at forsogn. at ec hevi þa iorð sellda. oc em ec eigi varnar maðr dt. at veria þa iorð. þat er þo oðal mitt. En hann scal spyria hveim ec hevi þa iorð sellda. En ec scal nemna solu mann minn innan laga várra hvar sem ec vil. þann er ec hevi iorð sellda.* [Men han har høve til å svara på ein annan måte til utsegingi, at “eg har selt den jordi og eg er ikkje rette mannen til å verja den jordi, men det er likevel **min** odel”. Då skal søkjaren spørja kven eg har selt jordi til, og eg skal nemna kjøparen **min**, kven eg vil innan lagdømet vårt, den som eg har selt jordi til.]

Denne måten å bruka det personlege pronomenet i første person ein-tal er ganske vanleg i G, utan at eksakte tal kan gjevast her (jf. note 3). Utanom døma som er gjevne ovanfor, finn vi det i alle fall i G 35, 38, fleire gonger enn dei siterte i G 265 og 267, i G 266 og 269. Det må kunna sjåast som eit litterært fenomen, som ein allmenn del av narrativ framstilling, anten denne no er munnleg eller skriftleg. I ein samanheng som den vi har å gjera med her, må det likevel kunna sjåast som eitt av dei drag Ong (1982) reknar som karakteristiske for “oral cultures”. I slike kulturar må dramatiserende sitat av det slaget vi her har sett, godt kunna sjåast som konkrete og situasjonelle innslag i teksten i motsetnad til abstraksjonar eller abstrakt uttrykksmåte. Desse innslaga kan då oppfattast som typiske for munnlege kulturar (jf. Ong 1982, 49ff.). Dramatiserende sitat som dei vi ser i G, kan altså godt ha sitt utspring i munnleg framsagt lovstoff. Men som den skrivne lovteksten sjølv viser, og elles ikkje minst sagalitteraturen, lar fenomenet seg godt integrera også i skriftleg framstilling.

Men i G er det likevel så at det vi kan oppfatta som ein “föredragare” frå tid til anna nok gir seg til kjenne i teksten. Korleis skulle vi elles tolka det *ek* som t. d. står fram til slutt i G 9: *En biscop var oc ar maðr hans oc aller kenni menn scolo sinar saker allar sva søkia sem nu hevi ec talt* [Biskopen vår og årmannen hans og alle prestane skal søkja alle sakene sine so som eg no har sagt]?

Når *ek* dukkar opp på denne måten i teksten, er det alltid verbet *telja* som er nytta, oftast i tydinga “tala”, slik òg Robberstad skjønar det i si omsetjing. Eit par gonger, i G 23 og G 227 må vi likevel leggja primærtydinga “telja, rekna opp” til grunn for å få meining i teksten. Slik i G

23: *En þa menn er nu talda ec. scal grava i fløðar male. þar sem særr møtesc oc grøñ torva* [Dei menn som *eg* no talde upp, skal gravast i flodmålet, der som sjøen og grøntorva møttest]. I G 227 står elles dei to tydingane ved sida av kvarandre, jamvel om Robberstad oppfattar det annleis: *Nu hevi ec upnama menn alla talda. sva scal hver øðrom bøta sem nu hevi ec talt* [No har *eg* rekna upp alle oppnåmsmennene. Kvar skal bøta til den andre so som *eg* no har sagt (Robberstad: har rekna upp)].

Denne bruken av *ek* er ganske ofte å finna i G. Utanom G 9, 23 og 227 som vi alt har sett, ser vi det i alle fall også i G 70, 87, 91, 160 og 289. Det er altså først og fremst vendinga *sem ec hevi nu talt* eller *sem nu hevi ec talt* som går att. Denne bruken av *ek* må ha ei munnleg framføring av teksten som føresetnad. Det kan då godt tenkjast at språkbruken i slike tilfelle viser attende på munnleg framføring av lovteksten. Det treng likevel ikkje nødvendigvis innebera at den teksten vi har overlevert, er skrive ned direkte etter munnleg førelegg frå ein lovseiemann. Det kan like gjerne oppfattast som ei tilpassing av teksten til opplesing t. d. for ei tingsamling. Det vil seia tekst tilmåta til å bli lesen høgt for eit publikum, eller det som elles gjerne blir kalla “aural kommunikasjon” – eit mogleg steg på vegen mellom ei reint munnleg til ei utvikla skriftleg samfunnsordning (jf. Hagland 2005, 29). Bruk av første person *ek* vil i så fall visa attende til den som i kvart konkret tilfelle las opp teksten. Om dette då kunne omfatta andre enn den tradisjonelle lovseiemannen, skal vi ikkje gå nærare inn på her. Det er i alle fall så at både denne sist nemnde og den dramatiserande bruken *ek* i G må sjåast som tekstlege drag som ligg det munnlege nært.

Desse uttrykksmåtene med personleg pronomen i første person eintal i G har likevel i høg grad alternative upersonlege konstruksjonar, då først og fremst passiv med agensstryking, utan at statistikk for forholdet desse alternativa imellom kan gjevast her. Det dreiar seg då i høg grad om passiv-uttrykk med verba *telja* og *mala* som t. d. i G 24: ... *nanare ser en i logum er mælt* (2 gg.) [nærare [skyld] han enn i lovene er mælt]. Tilsvarende dette finn vi t. d. i G 96 ... *ef fellr. giallde slikt sem nu er talt* [um eiden fell, skal han bøta som no er sagt], i G 266: *Nu er su brigð told* [No er den løysingi utgreidd] og mange fleire. Slik uttrykksmåte må sjåast som meir upersonleg og abstrakt enn det innslag av personleg pronomen i første person eintal gjer. Det kan då sjåast som noko som peikar i skriftleg retning, som del av utviklinga av ein juridisk stil i det gamle norske skriftspråket.

Om vi jamnfører bruken av *ek* i G med det vi finn i F, ser vi at pronomenet ikkje viser seg fullt så ofte i teksten der. I alt 12 gonger er *ek* eller *ec* registrert i F, alle i det vi ovanfor har kalla dramatiserande sitat. Fleire av dei finst i bolk XV, kap. 7: *en hinn berr upp sitt mal oc segir i frá at honum er naut horfit. oc svá lítt sem ec segi. nu hefi ek spurt oc heyrð at þú hafir því nauti stólit. oc vill ek hafa ransokn af þer.* [og den andre ber fram saka si og seier i frá om at eit naut er komme bort for han, “og slik på let som **eg** seier. No har **eg** spurt og høyrð at du har stole det nautet, og **eg** vil no ha ransaking hjá deg”]. Det vil altså seia at det *ek* vi i G finn i formuleringane av typen *sem nu hevi ec talt*, er heilt borte i F. Derimot synest passiv uttrykksmåte i det vi innleiingsvis her har kalla ein upersonleg stil, å ha fått fast fotfeste. I den samanheng kan nemnast at passivuttrykk med verba *mála* og *telja*, som altså ville motsvara aktive konstruksjonar som *sem nu hevi ec talt* i G, ofte (i alt 49 gonger) er notert saman med preposisjonsuttrykket *i logum* i F, t. d. slik i bolk VIII, kap. 14, der bae verba er nytta i det tautologiske uttrykket *svá er oc mælt oc talt i logum manna* [Så er òg sagt og omtala i verdsleg rett at ...].

4 Avslutning

Samla sett kan vi då seia at bruken av det personlege pronomenet i første person eintal, både i G og F, er meir samansett enn det som kjem fram ved det perspektivet Carl Ivar Ståhle legg på dette språkdraget i eldre lovtekster (jf. **Innleiing** ovanfor). Vi ser at språkbruken endrar seg noko frå den versjonen vi har bevart av G til den vi har av F. Det bevarte hovudhandskriftet av G (Don Var 137, 4to) er frå midten av 1200-talet (Eithun et al. 1994, 20). Teksten med F er i det store og heile bevart via avskrifter frå eldre nytid. Men desse går attende på eit handskrift frå 1260-åra som synest godt attgjeve i dei seinare avskriftene (jf. Hagland og Sandnes 1994, XXXIII-XLII). Dei handskriftene eksempelaterialet i studien her byggjer på, er altså nokså samtidige. Trass i det finst det innslag i materialet frå G som gjennomgåande nok er eldre enn det vi finn i F. Den bruken av pronomenet *ek* som vi då *berre* ser innslag av i G, må vi kunna rekna som gammal og farga av ein munnleg tekstkultur, om vi kan kalla det så. Det at dette draget forsvinn heilt i F, må vi såleis kunna sjå som del av ein prosess som over tid har vore med og gjort lovtekst som sjanger meir skriftleg. Slik sett er det då av interesse å notera at handskriftsma-

teriale frå om lag same tid i ulik grad er prega av denne prosessen, og det underbyggjer i sin tur den gjengse oppfatninga at lovstoffet vi har bevart av F, høyrer til ein annan og yngre fase i utviklinga av lovspråk enn det G gjer.

Når det gjeld bruken av det personlege pronomenet i fleirtal, er det altså, med unnatak av eit tilfelle som har med sjanger å gjera, nokså liten skilnad dei to lovtekstene imellom.

Litteratur

- Eithun, Bjørn, Magnus Rindal og Tor Ulset (utg.). 1994. *Den eldre Gulatingslova*. Norrøne tekster nr. 6. Oslo: Riksarkivet.
- Halvorsen, Eyvind Fjeld og Magnus Rindal (utg.). 2008. *De eldste østlandske kristenrettene*. Tekst etter håndskriftene, med oversettelser. Norrøne tekster nr. 7. Oslo: Riksarkivet.
- Hagland, Jan Ragnar og Jørn Sandnes (oms.). 1994. *Frostatingslova*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hagland, Jan Ragnar. 2005. *Literacy i norsk seinmellomalder*. Oslo: Novus forlag.
- . 2012. “On vernacular literacy in late medieval Norway”. I: Stenroos, Merja & al. *Language Contact and Development around the North Sea*. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company, s. 69–80.
- KLNM = *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder frå vikingtid til reformasjonstid*. I–XXII. 1956–78. Oslo–Stockholm–København.
- NgL = *Norges gamle Love indtil 1387* I–V. Christiania 1846–95.
- Ong, Walter J. 1982. *Orality and Literacy. The Technologizing of the Word*. London: Methuen & Co Ltd. Repr. London and New York 1991.
- Ranković, Slavica, Leidulf Mjelde and Else Mundal (eds.). 2010. *Along the oral–written continuum. Types of Texts, relations and their implications*. Turnhout (Belgium): Brepols Publishers.
- Robberstad, Knut (oms.). 1969 [1937]. *Gulatingslovi*. Tredje utgåva. Norrøne Bokverk nr. 33. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Ståhle, C. I. 1965. “Lagspråk” i KLNM 10, sp. 167–87.

JAN RAGNAR HAGLAND

Jan Ragnar Hagland
Institutt for språk og litteratur
NTNU
7491 Trondheim
jan.ragnar.hagland@hf.ntnu.no